

Feleti Ita Group AS
Søndre Ravnedalen 28
5170 BJØRNDALSTRÆ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15369 - 20/69162

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
30.10.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 96/16 Skodvin øvre

Tiltak: Endring av boligenhet
Byggjestad: Gbnr: 96/16
Tiltakshavar: Kim André Hope
Ansvarleg søkjar: Feleti Ita Group AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan med vist avstand til nabogrensen og midten av kommunal veg må sendast inn. Om avstand frå planlagt terrasse er nærare vegmidte enn 15 m må det søkjast om dispensasjon frå byggjegrænse mot veg til avdeling for samferdsel, veg, vatn og avlaup i Alver kommune.
2. Det er oppgitt at nytt tiltak får areal på 70 m². Det er uklart om søkjar meiner bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA). Gitt informasjon kan ikkje stemme då berre tilbygg på bustad har bygd areal på 42 m² utfrå teikningar. Terrasse går langs heile fasade på bustaden. Vi ber om detaljopplysningar om areal på tilbygg (BRA, BYA) og terrasse sin (BYA).
3. I gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett er det oppgitt at arkitekt har ansvar for utføring av tiltaket. Kva med prosjekteringa?

Kommunen ber om at tilleggsmateriale vert sendt inn samla innan 30.11.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kim André Hope

Skodvinsvegen 143

5956

HUNDVIN

Mottakarar:

Feleti Ita Group AS

Søndre Ravnedalen 28

5170

BJØRNDALSTRÆ